

Tilsynsrapport

sak 2013-02

Oppfølging driftskontraktar for vinterdrift

Saksnummer 2013-02

Arkivnummer 2013061815

Dato for tilsynsmøte 24.–25.09.2013

Tilsynslag Bård Gjerde, tilsynsleiar
Stian Lyngsgård, fagrevisor
Ida Blomhoff Pedersen, fagrevisor
Gunnar Hoff, fagrevisor

Tilsynspart Statens vegvesen, Region vest

Om rapporten

Denne rapporten er basert på tilsyn retta mot Statens vegvesen, Region vest. Tilsynssaka omhandlar oppfølging av driftskontraktar for vinterdrift.

Rapporten inneheld ei oppsummering av tilsynet og ein presentasjon av tilsynsfunn. Med bakgrunn i tilsynsfunna har Vegtilsynet kome med fire tilrådingar.

Utarbeidd dato: 29.11.2013

Sign.:



Bård Gjerde
tilsynsleiar

Godkjent dato: 29.11.2013

Sign.:



Trude Tronerud Andersen
direktør

Innhald

Samandrag	4
1. Innleiing	7
2. Bakgrunn	5
3. Oppfølging av driftskontraktar	8
4. Mål	10
5. Tilsynskriterium	11
6. Gjennomføring	14
7. Tilsynsfunn	15
8. Tilråding	26
9. Oppfølging av tilrådingane	28
Vedlegg 1: oversikt over tilsendt dokumentasjon	29
Vedlegg 2: deltakarar	31

Samandrag

Tilsynssaka omhandlar Statens vegvesen si *Oppfølging av driftskontraktar ved vinterdrift*, og tek utgangspunkt i to driftskontraktar i Statens vegvesen, Region vest. Målet for tilsynssaka er å undersøke i kva grad styring av driftskontraktar for vinterdrift er i samsvar med krav.

Driftskontraktane inneheld mange krav til entreprenør for å sikre at Statens vegvesen får bestilt kvalitet på drifta. Det er for det fyrste sett krav til administrasjon og styring av kontrakten. Entreprenøren skal gjennom sitt kvalitetssystem og sine planar dokumentere at han har forstått leveransen og syne korleis kontrakten skal gjennomførast. Det er for det andre sett krav til korleis drifta skal utførast og til standard på vegnettet. Entreprenøren skal kontrollere vegnettet og dokumentere for byggherren at desse krava er oppfylt.

Statens vegvesens system for oppfølging av driftskontraktane består av fleire ledd. Statens vegvesen skal utarbeide eigne planar for oppfølging og kontroll. Vidare skal Statens vegvesen kontrollere entreprenøren sitt system og sine planar, og gjennomføre kontroll med entreprenørens arbeid og tilstanden på vegen gjennom stikkprøvekontrollar.

Systemet for oppfølging av driftskontraktar er utarbeidd for å sikre at sluttproduktet, tilstanden på vegen, skal ha god kvalitet. Kvaliteten på vinterdrifta påverkar i stor grad trafikksikkerheita på vegane.

I tilsynssaka er det funne fire avvik og gjort sju observasjonar ved regionen si oppfølging av driftskontraktar. Tilsynsfunna viser svakheiter ved alle ledda i systemet for oppfølging av driftskontraktar. Det betyr at Statens vegvesen, Region vest ikkje har all den

informasjonen dei treng for å styre oppfølginga av driftskontraktane, og at oppfølginga ikkje i tilstrekkeleg grad sikrar at byggherren får det han har bestilt.

Basert på tilsynsfunna kjem Vegtilsynet med fire tilrådingar. Tilsynspart skal innan ein fastsett frist kome med tilbakemelding på korleis tilrådingane vil verta handtert, saman med ein tidsplan for gjennomføring av eventuelle tiltak.

1.

Innleiing

Vegtilsynet skal ifølgje instruksen føre tilsyn med at krav om tryggleik knytt til riksveginfrastrukturen er teke i vare av Statens vegvesen. I samsvar med instruksen er Vegtilsynet bygd opp som eit risikobasert systemtilsyn, og fører tilsyn med om styringssystemet til Statens vegvesen er effektivt og formålstenleg. Formålet til Vegtilsynet er å betre tryggleiken i trafikken ytterlegare i tråd med nullvisjonen og nasjonalt fastsette mål.

Denne tilsynssaka vart gjennomført som ein revisjon. Ein revisjon er ein systematisk og uavhengig prosess for å skaffe tilsynsbevis og bedømme det objektivt for å bestemme i kva grad tilsynskriteria er oppfylt. Revisjonar vert gjennomført ved å nytte metodar som dokumentgjennomgang, intervju og stikkprøvar, eller ein kombinasjon av desse.

Rapportar som vert utarbeidd etter ein revisjon inneheld ei oppsummering av tilsynssaka, ein presentasjon av eventuelle tilsynsfunn og eventuelle tilrådingar frå Vegtilsynet. Vegtilsynet nyttar negativ rapportering frå tilsyna. Det inneber at rapportane i utgangspunktet ikkje beskriv forhold der krav er oppfylt.

Tilsynsfunna er delt i kategoriane avvik og observasjon:

- Eit **avvik** er mangel på samsvar med aktuelt tilsynskriterium
- Ein **observasjon** er eit forhold som ikkje er omfatta av definisjonen av avvik, men der ein gjennom revisjonen har sett at det er eit potensial for forbetring hjå tilsynspart

På bakgrunn av tilsynsfunna utarbeider Vegtilsynet eventuelle tilrådingar. Dersom det er utarbeidd tilrådingar, skal tilsynspart innan ein fastsett frist kome med tilbakemelding på korleis tilrådingane vil verta handtert, saman med ein tidsplan for gjennomføring av eventuelle tiltak.

2. Bakgrunn

Tilsynssaka omhandlar Statens vegvesen si *Oppfølging av driftskontraktar*, og er ein del av temaet *Sikkerheitsstyring ved gjennomføring av utbyggings-, drifts- og vedlikehaldsprosjekt* i Vegtilsynet sitt tilsynsprogram. Tilsynspart er Statens vegvesen Region vest. Saka er avgrensa til oppfølging av vinterdrift og tek utgangspunkt i to driftskontraktar i regionen, 1206 Voss og 1401 Indre Sogn. Kontraktane har same kontraktperiode, er inngått med same entreprenør og gjeld to tilgrensande kontraktsoner.

Av handlingsprogrammet til Statens vegvesen for 2010 – 2013 (2019), som er etatens gjennomføringsplan for Nasjonal transportplan, går det fram at med drift «forstås alle oppgaver og rutiner som er nødvendig for at et vegnett skal fungere godt i forhold til trafikantenes daglege bruk».

Målet for drifta på riksvegnettet er at «alle trafikantgrupper har tilbud om sikker og påliteleg framkommelighet hele året samtidig som miljøkvalitetar blir opprettholdt», jf. Samferdselsdepartementets tildelingsbrev til Statens vegvesen for 2013. Av handlingsprogrammet går det vidare fram at driftsoppgåver som tek i vare trafikksikkerheita skal ha høgste prioritet, jf. kapittel 6.3 *Prioriteringar*. Det same er presisert i tildelingsbrevet for 2013, der følgjande er uttalt:

Innen drift og vedlikehold skal tiltak rettet mot trafikksikkerhet prioriteres. Dette gjeld særleg for vinterdriften der brøyting, strøing og salting er de viktigste oppgavene. Drift av strekningsnett med mange og alvorlege ulykker og driftsoppgaver som har direkte konsekvenser for framkommelighet, skal følges opp særskilt.

Riksrevisjonen la 24. september 2009 fram Dokument nr. 3:16 (2008-2009) *Riksrevisjonens undersøking av drift og vedlikehald av vegnettet*. Målet med undersøkinga var å vurdere om drifts- og vedlikehaldsoppgåver vart styrte og utførte slik at omsynet til trafikksikkerheit og framkomstforhold på vegnettet vert sikra. Undersøkinga avdekkar at det førelåg manglar ved driftsarbeidet på ein vesentleg del av vegnettet. Dette innebar mellom anna at krav til føretilstand i vinterseongen ikkje vart godt nok tatt i vare. Vidare viste undersøkinga at styringssystemet for drift og vedlikehald av vegnettet hadde vesentlege manglar. Det er seinare lagt fram fleire rapportar som syner at Statens vegvesen framleis har forbettringspotensial når det gjeld kontraktoppfølging og kontroll med entreprenørane. Sjå mellom anna *Evaluering av konkurranseutset-*

ting av drift- og vedlikehold i Statens vegvesen (Dovre Group AS, 2010) og *Organisering av kontroll og oppfølging av Statens vegvesens driftsavtaler* (Inventura, 2012).

Statens havarikommisjon for transport (SHT) har òg uttalt seg om dette temaet i fleire rapportar. Ei temaundersøking av tre vinterulukker avdekkar at Statens vegvesen «mangler tilstrekkelig kvalitetssikring av vinterdriften i forhold til trafikksikkerhet», jf. Rapport Vei 2008/2.

Driftskontraktane er Statens vegvesen sin reiskap for å oppretthalde funksjonen til vegnettet i vinterseongane. Kvaliteten på vinterdrifta påverkar i stor grad trafikksikkerheita på vegane. Ettersom sjølvne driftsoppgåvene vert utført av entreprenørar, er Statens vegvesen si oppfølging av driftskontraktane, og kontrollen med det utførte arbeidet, av stor betydning.

Av tildelingsbrevet går det fram at «[b]yggherreoppfølging for bedre å kunne kontrollere riktig kvalitet på drifts- og vedlikeholdsarbeid skal videreføres i 2013. Departementet understreker i denne sammenhengen det kontrollansvaret som Statens vegvesen har med utførelsen av driftskontraktene». Systemet for oppfølging av driftskontraktar er utarbeidd for å sikre at sluttproduktet, tilstanden på vegen, skal ha god kvalitet. Det inneheld omfattande krav til dokumentasjon og rapportering, både mellom entreprenør og Statens vegvesen, og internt i Statens vegvesen.

Det er viktig for Vegtilsynet å sikre at Statens vegvesen har god sikkerheitsstyring ved gjennomføringa av driftsprosjekta etter at kontrakt med entreprenøren er inngått, slik at ein får levert riktig kvalitet på vinterdrifta.

3.

Oppfølging av driftskontraktar

Statens vegvesen har som byggherre ansvaret for drift og vedlikehold av vegnettet, men sjølve arbeidet vert utført av entreprenørar det er inngått kontrakt med etter anbodskonkurranse. Kontraktane er basert på at entreprenøren har funksjonsansvar knytt til kontraktsarbeidet. Det betyr at entreprenøren har ansvar for å oppretthalde funksjonen på vegnettet slik det er beskrevet i kontrakten. Kontrakten inneheld krav til utføringa av drift og vedlikehold, og beskriv dei krava som er sett til standard på vegnettet. Desse krava skal sikre at vegnettet opprettheld sin funksjon og fungerer etter sin hensikt. Det er stilt krav til at entreprenøren, gjennom eigenkontroll, skal kunne dokumentere resultat av arbeid og tilstand på vegen ved til dømes friksjonsmålingar, journalar og anna tilstandsrapportering.

Kontrakten inneheld òg krav til administrasjon og styring av kontraktsarbeidet. Det er mellom anna sett krav til at entreprenøren skal ha eit kvalitetssystem som er i samsvar med

krava i NS-EN ISO 9001:2000 *Systemer for kvalitetsstyring*. Oppfylging av dette kravet skal dokumenterast ved mellom anna bruk av eksterne og interne revisjonar, og framlegging av dokumentasjon av kvalitetssystemet. Vidare er det i kontrakten sett krav til at entreprenøren skal etablere, innføre, vedlikehalde og når nødvendig ajourføre ein kvalitetsplan som er i samsvar med NS-ISO 10005:2005 *Systemer for kvalitetsstyring. Retningslinjer for kvalitetsplaner*.

Kvalitetsplanen skal dekke alle operasjonar i drifta, og skal vise korleis entreprenøren på ein systematisk måte vil oppfylle krava til kvalitet og HMS i kontrakten. Dette vert mellom anna gjort ved bruk av delplanar (inspeksjons- og kontrollplan, beredskapsplan og vinterplan osv.). Entreprenør skal ved hjelp av uavhengig revisor stadfeste at planane oppfyller krava i kontrakten. I tillegg skal planane verta gjennomgått av Statens vegvesen, som har høve til å kommentere innhaldet.

Statens vegvesen har utarbeidd eit system for oppfølging av driftskontraktane for å sikre at entreprenøren leverer i samsvar med kontrakt, og at fastsett standard på vegnettet vert oppnådd. Rammene for oppfølginga går fram av kontrakten, og eksterne og interne kravdokument i Statens vegvesen. Systemet skal brukast over heile landet slik at resultata i og mellom regionane vert samanliknbare.

Oppfølginga av driftskontraktane skjer i fleire ledd. For det fyrste skal Statens vegvesen utarbeide planar for oppfølging og kontroll. Kvalitetsplan skal skildra korleis prosjektet skal følgjast opp. Kontrollplanen sikre at bestilt kvalitet vert levert, og den skal omfatte alle vesentlege arbeidsoperasjonar. Oppfølginga er vidare basert på at Statens vegvesen skal foreta ein gjennomgang av entreprenøren sitt kvalitetssystem og planar for å sikre at entreprenør kan oppfylle krava i kontrakten.

I tillegg skal Statens vegvesen kontrollere entreprenøren sitt arbeid og tilstanden på vegen gjennom stikkprøvekontrollar. Der det vert avdekka avvik eller manglar, skal dette handterast i dialog med entreprenør for å unngå at same feil skal skje igjen. Ved påviste manglar ved administrasjon, organisering og gjennomføring av kontrakten, eller resultatet på vegen (tilstand og funksjon), kan Statens vegvesen bruke sanksjonar.

4. Mål

Målet for tilsynssaka er å undersøke i kva grad styring av driftskontraktar for vinterdrift er i samsvar med krav.

5. Tilsynskriterium

Tilsynssaka baserar seg på følgjande tilsynskriterium:

Prosesen *Drifte vegnett gjennom driftskontrakter i kvalitetssystemet (prosessen)*

Statens vegvesen har eit prosessorientert kvalitetssystem som beskriv korleis ulike arbeidsprosessar skal utførast og inneheld tilhøyrande krav- og hjelpedokument. Kvalitetssystemet er ein del av etaten sitt styringssystem, og tilsette i Statens vegvesen har ansvar for å utføra arbeidsprosessar i samsvar med praksisen som er beskrive i kvalitetssystemet.

Prosesen *Drifte vegnett gjennom driftskontrakter i kvalitetssystemet* har til hensikt å «[s]ikre samfunnets behov for trygg og sikker framkommelegheit på eksisterende vegnett gjennom funksjonskontrakter».

Prosesen har fleire underprosessar, mellom anna

- *Etablere driftsprosjektet*, som skal «sikre at prosjektet er entydig definert, riktig organisert, styrt og bemannet». Her inngår arbeidsoppgåver som utarbeiding av kvalitetsplan og etablering av dokumentrutinar.
- *Gjennomføre kontrakten*, som skal «sikre at entreprenøren gjennomfører arbeidet i henhold til kontrakt». Her inngår underprosessen *Entreprenøroppfølging*, som skal «sikre god kontroll og oppfølging av entreprenørens utførelse av kontraktsforpliktelsene».

Håndbok 111 *Standard for drift og vedlikehold av riksveger*, mai 2003 (Håndbok 111)

Håndbok 111 er utgitt på nivå 1 i handbokserien og har status som retningslinje.¹ Av forordet går det fram at handbok 111 «beskriver grunnlaget for drift og vedlikehold av veger gjennom funksjonskrav, samt konkretiserer nivået for innsatsen gjennom krav til tilstand og/eller krav til tiltak». Ved at standarden vert gjennomført på landbasis, vert trafikantane sikra mot sprang i kvalitet over regiongrensene og mellom distrikt. Det går vidare fram av forordet at standarden ikkje er juridisk bindande for Statens vegvesen, og at:

Standardkravene angir de nivåer som samfunnet er tjent med. Av budsjettmessige grunner kan det i forbindelse

¹ Statens vegvesen gjev ut handbøker på to nivå. Nivå 1 omfattar normalar og retningslinjer, desse vert omtalt som kravdokument. Nivå 2 omfattar rettleiarar, desse vert omtalt som hjelpedokument. For meir informasjon: <http://www.vegvesen.no/Fag/Publikasjoner/Handboker>

med at det inngås kontrakter bli aktuelt å senke kravene for noen drifts- og vedlikeholdsarbeider og eventuelt ta forbehold om dette. [...]

På vegruter eller steder hvor forholdene til visse tider kan bli særlig vanskelig for vegbrukerne, kan det være nødvendig med større innsats enn den beskrevne standard.

Handboka har eit eige kapittel om «Framkommelighet, trafikkikkerhet og regularitet om vinteren» som beskriv Hovedprosess 9. Her går det fram at:

Vegen skal være framkommelig for kjøretøy som er normal utstyrt for vinterkjøring. Dette skal oppnås ved å redusere mengden snø og is på vegen samt sikre tilstrekkelig veggrep for trafikantene.

Merknad:

Tilsynssaka er basert på den versjonen av handbok 111 som var gjeldande på tidspunktet då kontraktane vart inngått. Det vart gitt ut ein ny versjon av handbok 111 i 2012.

Håndbok 151 Styring av utbygging-, drifts- og vedlikeholdsprosjekter, oktober 2008 (Handbok 151)

Handbok 151 er utgitt på Nivå 1 i handbokserien og er ei retningslinje. Av forordet går det fram at handboka er «et styrende dokument og

skal være en sjekklister for ansatte i Statens vegvesen for å sikre riktig prosjekt- og utførelseskvalitet» og at det vert stilt krav til prosedyrar for gjennomføring av prosjekt for at produktet skal få fastsatt kvalitet. Handbok 151 gjev mellom anna føringar for kva styrande dokument som skal utarbeidast for kvart prosjekt, som kvalitetsplanar og kontrollplanar. Kapittel 6 gjeld for drift av vegnettet.

Merknad:

Tilsynssaka er basert på den versjonen av handbok 151 som var gjeldande på tidspunktet då kontraktane vart inngått. Det vart gitt ut ein ny versjon av handbok 151 i 2012.

Håndbok 271 Risikovurdering i vegtrafikken, februar 2007 (Handbok 271)

Handbok 271 er utgitt på Nivå 2 i handbokserien og er ein rettleiar. Av forordet går det fram at rettleiaren «beskriver framgangsmåter for risikovurdering på viktige områder av virksomheten» til Statens vegvesen. Handboka skal vera eit hjelpemiddel til å vurdere risiko for alvorlege trafikkulukker på fire viktige område, mellom anna drift og vedlikehald. Handboka har eit eige kapittel som gjeld risikovurderingar innan drift og vedlikehald, og ei sjekklister for risikovurderingar innan vinterdrift.

VD rapport nr. 35 System for oppfølging av driftskontrakter – SOPP Versjon 5 med vedlegg, september 2011 (SOPP)

Denne rapporten er utarbeidd av Veg- og transportavdelingen i Vegdirektoratet og beskriv systemet Statens vegvesen skal bruke for å følgje opp driftskontraktar. Rapporten er definert som eit internt krav i kvalitetsystemet, og i NArundskriv 2011/16 *Krav til kontroll av driftskontrakter* er det uttalt at kontrollverksemda «skal heretter følgje beskrivelsene i SOPP versjon 5».

Av forordet i SOPP går det fram at systemet som vert beskrive «skal sikre at leveransen er i henhold til bestillingen», og at kontrollar skal utførast dels som planlagde stikkprøvekontrollar og dels som eigendefinerte kontrollar ut frå behov. Vidare går det fram at byggherren, Statens vegvesen, «med tilstrekkelig sikkerhet [skal] vite at bestilt arbeid og eller funksjon, er levert før betaling skjer». Det er sett krav til at systemet skal brukast ved oppfølging av alle driftskontraktar, men omfanget av planlagde stikkprøvekontrollar kan justerast i løpet av året for den enkelte kontrakt innafor rammene beskrive i rapporten.

Av kapittel 1 *Mål og prinsipper* går det fram at:

Kontroll av systemer og leveranser er en forutsetning for å kunne foreta utbetaling til entreprenøren. Byggherren skal gjennomføre kontroller for å:

- følge opp alle kontrakter.
- sikre at entreprenøren har gode systemer for planlegging, gjennomføring og oppfølging av kontrakten.
- sikre at byggherren får det han har bestilt og betaler for.
- danne grunnlag for rapportering.

System for oppfølging av driftskontrakter skal sikre at kontraktens krav overholdes, og derved sikre at entreprenørens leverte produkt er i henhold til kontrakt.

Systemet skal bidra til kostnadseffektiv oppfølging, vise utvikling over tid og gjøre det mulig å sammenligne kontrakter, fylkesavdelinger og regioner. For å få dette til må det være felles rutiner for kontroll og rapportering.

[...]

Følgende hovedprinsipper legges til grunn for oppfølgingen:

1. Entreprenøren skal dokumentere resultat/tilstand på vegen:
 - Entreprenøren utarbeider og setter i verk system for å framskaffe, levere og oppbevare dokumentasjonen.
 - Alle mangler skal rapporteres til byggherren.
 - Entreprenøren skal også ha en rutine for håndtering av mangler.
2. Byggherren kontrollerer resultat/tilstand på vegen med ELRAPP-kontroll:

- Oppfølgingen gjennomføres som stikkprøvekontroller og egendefinerte kontroller
- Stikkprøvekontroller utføres som strekningsvise kontroller, normalt på faste kontrollruter.
- Alle farlige avvik (inkl. mangler) som observeres, eller som man får melding om, skal meldes til entreprenøren straks, med angivelse av prosess og nøyaktig beliggenhet for hvert enkelt avvik. Andre avvik meldes ikke før eventuell tiltakstid er gått ut.

3. Ved mangler skal entreprenøren gjennomgå sitt kvalitetssystem/kvalitetsplan, og gjøre forbedringer for å forebygge gjentakelser i henhold til kontraktens bestemmelser.

4. Byggherren skal håndtere mangler i henhold til «Instruks for håndtering av mangler og evt. sanksjoner for driftskontrakter»

Merknad:

Tilsynssaka er basert på gjeldende versjonen av SOPP etter avklaring med tilsynspart.

Driftskontraktene 1206 Voss og 1401 Indre Sogn

Kontraktperioden for begge kontraktene er 1. september 2009 til 31. august 2014. Statens vegvesen har opsjon på å forlenga kontrakten fram til 31. august 2015.

Av kontrakten del A3 *Orientering* punkt 1 *Prosjektets art og omfang* går det fram at:

Oppdraget omfatter i hovedsak rutinemessige driftsoppgaver og mindre vedlikeholdsoppgaver på vegnettet. Oppdraget omfatter også inspeksjon og registrering, planlegging av virksomheten, beredskap mht. vinterdrift og generell trafikkavvikling, dokumentasjon, rapportering til byggherren, informasjon til publikum og håndtering av andre oppgaver som er nødvendige for drift og vedlikehold av vegnettet.

Vidare går det fram av punkt 5, *Beskrivelse, prosesstyper og vegnettsoversikt*, at beskrivinga av drifts- og vedlikeholdsoppgåvene med tilhørende standard for drift og vedlikehold er knytt til handbok 111, og av punkt 10 *Dokumentoversikt* går det fram at handbok 111 og handbok 271 var ein del av konkurransegrunnlaget.

6. Gjennomføring

Vegtilsynet har fått tilgang til Statens vegvesen sitt kvalitetssystem og anna dokumentasjon, og har nytta dette under førebuinga og gjennomføringa av tilsynet.

Vegtilsynet sendte varsel om tilsyn til tilsynspart 29. mai 2013. Som grunnlag for ein dokumentgjennomgang før intervjuet, vart tilsynspart beden om å leggje fram kopi av driftskontraktane for område 1206 Voss og 1401 Indre Sogn og gjeldande versjon av SOPP. Med bakgrunn i kontraktane og tilsynskriteria, bad Vegtilsynet 24. juni 2013 om ytterlegare dokumentasjon for dei to driftskontraktane, sjå oversikt i vedlegg 1.

Tilsynsbesøket vart gjennomført 24. og 25. september 2013 i lokala til Region vest, med møtestad Leikanger 24. september og Voss 25. september. Avslutningsmøtet vart gjennomført som eit videomøte frå Vegtilsynet sine lokale.

Innhenta informasjon frå dokumentgjennomgang og intervju er vurdert opp mot tilsynskriteria, og dannar grunnlaget for tilsynsfunna.

Utkast til rapport vart lagt fram for tilsynspart 4. november 2013, med frist for å gje tilbakemelding på faktafeil. Tilsynspart har innan fristen gitt slik tilbakemelding, og dette er innarbeidd i rapporten.

Tilsynspart har gjeve tilsynslaget nødvendig tilgang til dokument, lokale og personell, og lagt alle forhold til rette for ei effektiv gjennomføring av tilsynet.

7. Tilsynsfunn

Avvik 1

Statens vegvesen Region vest kan ikkje dokumentere at byggherrens kvalitetsplan er utvikla og arbeidd med i driftsfasen.

Tilsynskriterium

Handbok 151

Kapittel 1.1.3 Handbok 151 og styrende dokumenter

For alle prosjekter skal følgende styrende dokumenter utarbeides:

- [...]
- Kvalitetsplan (KP)

Kapittel 1.4.1 Kvalitetsplanens innhold

Mens prosjektstyringsplanen skal ha fokus på krav til hva som skal leveres, skal kvalitetsplanen ha fokus på kontrollene og dokumentere at krevd kvalitet er oppnådd.

[...]

Kvalitetsplanen skal utvikles og arbeides med gjennom alle fasene i prosjektet (plan-, bygge, drift- og vedlikeholdsfasen). Detaljeringsnivået skal tilpasses de ulike milepælene. En viktig del av kvalitetsplanen er dokumentstyring (f.eks. i prosjekthotell og i Sveis), HMS og kvalitetsstyring av alle vesentlige aktiviteter i den aktuelle fasen.

Kvalitetsplanen skal være konkret og omfanget skal tilpasset prosjektets størrelse og kompleksitet. Det skal legges vekt på at kvalitetsplanen blir enkel og kortfattet, men likevel dekker alle vesentlige forhold. Kvalitetsplanen skal ha en form som gjør den til et praktisk hjelpemiddel for både store og små prosjekter. [...]

Tilsynsbevis

Det går ikkje fram av kvalitetsplanen som er utarbeidd for kontrakten 1401 Indre Sogn at planen er utvikla eller arbeidd med i løpet av kontraktperioden. Det er føreligg ikkje endringslogg, og det er ikkje påført revisjonsversjon eller liknande.

Det vart vidare opplyst i intervju at kvalitetsplanen i svært liten grad vert nytta i prosjektet.

Avvik 2

Statens vegvesen Region vest kan ikkje dokumentere at entreprenør har utarbeidd kvalitetsplan som er i samsvar med krav i kontrakten.

Tilsynskriterium

Kontrakten kapittel D2 Spesielle kontraktsbestemmelser

Pkt. 17 Styring av funksjonskontrakter – kvalitetssystem og kvalitetsplan

Pkt. 17.1 Krav til kvalitetssystem

Kvalitetsplanen skal dekke alle operasjonar i driften og minst inneholde planer og elementer som er omtalt i kap. D2 pkt. 17 og 18.

Tilsynsbevis

Statens vegvesen Region vest kan, verken for kontrakt 1206 Voss og 1401 Indre Sogn, legge fram kvalitetsplan frå entreprenør som dekker alle operasjonar i drifta, og som minst inneheld planar og element som omtalt i kontrakten kapittel D2 pkt. 17 og 18.

I samband med gjennomføring av dokumentgjennomgangen bad Vegtilsynet om å få tilsendt entreprenøren sin kvalitetsplan. Vegtilsynet vart, for begge kontraktane, tilsendt kvalitetshandbok og dokumentasjon av kvalitetssystemet.

I intervju vart det opplyst at det ikkje vert etterspurt ein samla kvalitetsplan frå entreprenør, men berre delplanar som er omtala i kontrakten kapittel D2 *Spesielle kontraktsbestemmelser* pkt. 17 og 18. Entreprenøren sin vinterplan for kontrakt 1401 Indre Sogn manglar omtale av fleire av dei obligatoriske punkta som det er sett krav om i kontrakt. Det vart i intervju stadfesta at vinterplanen var mangelfull og ikkje tilfredsstillar krava i kontrakten. Vidare oppfyller ikkje planane for inspeksjonar og kontrollkrav i kontrakten. Det manglar t.d. ei oversikt over og ei vurdering av risikoar for mangelfulle leveransar etter kontrakten, og korleis kontrollfrekvensane er fastsett for å redusere risikoen til eit akseptabelt nivå i forhold til dei krava som er fastsett. Planen inneheld heller ikkje vurderingar for alle typar oppgåver i kontraktens kap. E knytt til risiko for avvik i gjennomføring av kontrakten.

Avvik 3

Statens vegvesen Region vest kan ikkje dokumentere ein gjennomgang av entreprenøren sine planar og at det er gitt tilbakemelding på innhaldet til entreprenør.

Tilsynskriterium

Kontrakten kapittel D2

Spesielle kontraktsbestemmelser

Pkt. 17 Styring av funksjonskontrakter – kvalitetssystem og kvalitetsplan

pkt. 17.1 Krav til kvalitetssystem

Byggherren gjennomgår entreprenøren sine planer og prosedyrer, og gir eventuelt sine kommentarer til innholdet. Byggherrens gjennomgang av planer og prosedyrer reduserer ikke entreprenøren ansvar for resultatet ved gjennomføring av kontraktsarbeidet.

SOPP

Pkt. 2 Oppfølging av kontrakt

Pkt. 2.1 Generelt

Byggherren skal gjennomgå entreprenøren sine planer og prosedyrer, og gi sine kommentarer til innholdet. Byggherrens gjennomgang av planer og prosedyrer, reduserer ikke entreprenøren ansvar for resultatet ved gjennomføringen av kontraktsarbeidet, men det er viktig at byggherren bidrar med de innspill man har.

Tilsynsbevis

Statens vegvesen Region vest kan ikkje dokumentere at det er gjennomført ein gjennomgang av entreprenøren sin vinterplan for kontrakt 1401 Indre Sogn.

Entreprenøren sin vinterplan manglar omtale av fleire av dei obligatoriske punkta som det er sett krav om i kontrakt 1401 Indre Sogn. Det vart i intervju stadfesta at vinterplanen var mangelfull og ikkje tilfredsstillende krava i kontrakten. Statens vegvesen Region vest har ikkje gjeve dokumentert tilbakemelding til entreprenør på at planane ikkje inneheld den minimumsinformasjon som det er sett krav til. Det vart i intervju opplyst at det var vurdert at det ikkje var trong for fullstendig vinterplan på grunn av at vinterdrifta har fungert godt i praksis.

Statens vegvesen Region vest kan ikkje dokumentere at det er gjennomført ein gjennomgang av entreprenøren sin plan for inspeksjonar og kontroll for kontrakt 1401 Indre Sogn og 1206 Voss.

Planane for inspeksjonar og kontroll oppfyller ikkje krav i kontrakten, jf. avvik 3. Statens vegvesen Region vest har ikkje gjeve dokumentert tilbakemelding til entreprenør på at planane ikkje inneheld den minimumsinformasjon som det er sett krav til.

Avvik 4

Statens vegvesen Region vest kan ikkje dokumentere at det er mottatt stadfesting frå uavhengig revisor på at planane til entreprenør tilfredsstillir krav i kontrakten.

Tilsynskriterium

Kontrakten, kapittel D2 Spesielle kontraktsbestemmelser

Pkt. 17 Styring av funksjonskontrakter – kvalitetssystem og kvalitetsplan

pkt. 17.1 Krav til kvalitetssystem

Entreprenøren skal ved hjelp av uavhengig revisor bekrefte at planene vil imøtekomme kontraktens krav.

Tilsynsbevis

Statens vegvesen Region vest kan ikkje dokumentere at det er mottatt stadfesting frå uavhengig revisor om at planane til entreprenør imøtekjem krava i kontrakten. Det vart i intervju opplyst at slik stadfesting ikkje er etterspurt.

Vegtilsynet har i tillegg gjort følgende observasjonar:

Observasjon 1

Det er for kontrakt 1401 Indre Sogn ikkje etablert ei samla, systematisert og oppdatert oversikt over dokumentasjon på kompetanse og gjennomførte opplæringsaktivitetar hos entreprenør.

Grunngjeving

I kontrakten er det i kapittel D2 pkt. 17.3 *Aktivitetsplaner* og 18.5 *Opplæring og kompetanse* stilt ei rekkje krav til entreprenøren sin kompetanse og til å gjennomføre opplæring/kurs, mellom anna sikkerhetsopplæring, trafikkisikkerheitskurs, opplæring i tolking av vêrdata og kurs knytt til vinterdrift.

Entreprenøren rapporterer kurs og andre endringar kompetanse i månadsrapporten for HMS (R19-skjema i ELRAPP). Denne informasjonen vert ikkje samla eller systematisert av byggherre, slik at den i praksis kan nyttast som ei kjelde til kontroll av kontraktsfesta krav til kompetanse og kurs.

Observasjon 2

Det er usikkerheit rundt korleis delar av innhaldet i kontrakten skal forståast, og det vert difor uklart korleis kontrakten skal følgjast opp.

Grunngjeving

Ifølgje kontraktane 1206 Voss og 1401 Indre Sogn kapittel D2 17.3.1 *Plan for og gjennomføring av inspeksjonar og kontroll*, skal entreprenøren etablere og halde ved like ein plan for «systematisk kontroll av vegnettet, som mellom anna skal omfatta:

1. Entreprenørens rutinemessige inspeksjon og overvåking av vegnettet
2. Entreprenørens inspeksjon og registrering med henblikk på planlegging av arbeidet

Gjennomføringa av dei to inspeksjons- og kontrollformåla vert rapportert på same skjema frå entreprenør (R2-skjema «Rapportering av hendelser, skader feil og mangler» i ELRAPP). Under intervju kom det fram at det for begge kontraktane var uklårt for prosjektleiinga kva som er skilnaden mellom pkt. 1 og 2 i kap. D2 17.3.1 og kva dette kan ha å seia for deira oppfølging av kontraktane.

Observasjon 3

Statens vegvesen Region vest sine kontrollar av resultat av arbeid og tilstand på vegen er ikkje tilstrekkeleg målretta.

Grunngjeving

Kontrollplanen er byggherren, Statens vegvesen, sitt verktøy for å følgja opp i kva grad entreprenøren oppfyller krav i kontrakt. Av SOPP punkt 2.2 *Byggherrens kontrollplan* går det fram at ein ved planlegging av behov for stikkprøvekontroll skal ta omsyn til lokale forhold, som veglengde, trafikkmengde, klimatiske forhold, topografi og prioriterte strekningar med spesielle behov. Vidare går det fram at stikkprøver av vinterprosessane «skal gjennomføres når det har vært behov for tiltak. Ved snøfall og glatt føre økes frekvensen etter behov», jf. SOPP pkt. 2.3 *Aktuell årstid for stikkprøvekontroller av de ulike prosesser*. For snøbrøyting og strøing er det i pkt. 2.7 *Kontroll på veg* vidare presisert at:

Snøbrøyting og strøing: stikkprøvekontroll gjennomføres når tiltak skulle vært utført. Kontrollene suppleres med kontroll av entreprenørens inspeksjonsrapporter og dokumentasjon av utført arbeid. Det som er registrert i kontrollen sammenholdes med entreprenørens plan. Ut fra dette kan en se hvilke aktiviteter som er (ikke er) gjennomført og hvor. Entreprenørens tilbakemelding på kontrollrapporten vil også klargjøre dette.

Dette inneber at stikkprøvekontrollane til byggherren må vera basert på ei form for vurdering av risiko når det gjeld omfang, strekning og tidspunkt, og at dei skal vera målretta. Handbok 271 er utarbeidd for å gje rettleiing ved gjennomføring av risikovurderingar. I tillegg kan byggherre gjennomføre kontrollar utanom dei planlagde stikkprøvekontrollane ved behov, såkalla eigendefinerte kontrollar.

I intervju kom det fram at det ved planlegging av kontrollar vart lagt vekt på at kontrollane skulle være tilfeldige. Det vart vidare opplyst at

stikkprøvekontrollane vert planlagt gjennomført i arbeidstid, og at det vert gjennomført få kontrollar utanfor ordinær arbeidstid, mellom anna på grunn av at dette ville medføre ekstra kostnader.

I korrespondanse og intervju kom det vidare fram at entreprenøren ikkje har levert etterspurd dokumentasjon på utført arbeid og tilstand på vegen, mellom anna journalar og friksjonsmålingar. Dette har avgrensa byggherrens moglegheit til å planlegga kontrollane.

Kontrollrapportar for perioden driftskontraktane har vore gjeldande, viser at gjennomførte kontrollar relativt sett har avdekket svært få manglar. Det er ikkje registrert sanksjonar for kontrakt 1401 Indre Sogn, og det er gitt få sanksjonar for kontrakt 1206 Voss. Det vart i intervju opplyst at det hadde vore situasjonar der Statens vegvesen Region vest ikkje kunne gi sanksjonar fordi det ikkje førelåg tilstrekkeleg dokumentasjon.

Observasjon 4

Statens vegvesen Region vest mottar ikkje rapportering av tilstand på veg frå entreprenør som er i samsvar med krav i kontraktane 1206 Voss og 1401 Indre Sogn.

Grunngjeving

I kontrakten kapittel D2 *Spesielle kontraktsbestemmelser* punkt 17.4.7 *Dokumentasjon av inspeksjoner og kontroller*, er det stilt krav til korleis entreprenøren skal dokumentere gjennomførte inspeksjonar, kontrollar og observasjonar. Desse rapportane vert registrert i det web-baserte systemet ELRAPP.

Av punkt 17.4.8 *Rapportering av tilstand* går det fram at entreprenøren skal senda byggherren samleoversikt over utførte inspeksjonar kvar 14. dag. Samleoversikta skal vise «vegstrekning, dato og prosess som er inspisert og funnet i orden». Det skal òg gå fram av oversikta kva som skal skje med påviste avvik som ikkje er fjerna.

Gjennom denne rapporteringa skal entreprenør kunne dokumentere kva inspeksjonar han har utført og korleis resultatet av inspeksjonane vil verta følgt opp. Rapporteringa vil vidare synleggjera om krava i kontrakten er oppfylt, og gje byggherre tilstrekkeleg oversikt over tilstanden på vegnettet.

Dokumentgjennomgangen avdekka manglar ved entreprenøren sin samleoversikt. Det er ikkje oppgitt i oversikta kva prosessar som er inspisert og funne i orden. Det er variasjonar i kor spesifikt inspisert vegstrekning er oppgitt. Der det er avdekka avvik under inspeksjonen, er det ikkje alltid oppgitt kva prosess avviket gjeld. Det er òg i varierende grad gitt informasjon om kva som skal skje med avvik som ikkje er fjerna.

I tillegg viser dokumentgjennomgangen at samleoversikta ikkje inneheld informasjon om alle inspeksjonar og kontrollar som er gjennomført.

I intervju vart det stadfesta at rapporteringa frå entreprenør via samleoversikta var mangelfull for begge kontraktar.

Observasjon 5

Det er svakheiter ved styringa av dokumentasjon for begge kontraktane.

Grunngjeving

God dokumentstyring er viktig for gjenbruk og overføring til andre aktørar eller system. En viktig del av kvalitetsplanen er dokumentstyring. Tilsendt dokumentasjon viser at det er manglar ved dokumenta når det gjeld arkivering, versjonskontroll og signering.

Vegtilsynet viser til desse døma:

- Kvalitetsplanen til byggherren for kontrakten 1401 Indre Sogn er ikkje signert, inneheld ikkje endringslogg, og det er ikkje påført revisjonsversjon eller liknande. (Sjå òg avvik 1)
- Vinterplanmøte for kontrakten 1401 Indre Sogn vert gjennomført som ein del av byggjemøte på haus-

ten. Referat frå vinterplanmøtet vert gitt i byggjemøtereferatet, og arkivert som ein del av byggemøtereferata i arkivsystemet. Det går difor ikkje tydeleg fram av arkivsystemet at det har vore gjennomført vinterplanmøte og det er i ettertid vanskeleg å finna tilbake til/spora opp referatet frå møtet.

- I samband med dokumentgjennomgangen fekk Vegtilsynet, for kontrakt 1401 Indre Sogn, tilsendt utdatert dokumentasjon på at entreprenør er ISO-sertifisert.
- Delar av dokumentasjonen for kontrakt 1206 Voss kunne ikkje sendast Vegtilsynet innan fristen. Dette skuldast at dokumentasjonen ikkje var tilgjengeleg fordi byggeleiar ikkje var på jobb.

Observasjon 6

Den gjensidige evalueringa for kontrakten 1401 Indre Sogn vert ikkje gjennomført på ein måte som sikrar at formålet med evalueringa vert nådd.

Grunngjeving

Evalueringa manglar nokre av dei tema som ifølgje NA-rundskriv 2012/6 skal inngå i denne. Dette kan medføra risiko for at moglege forbedringspunkt ved gjennomføring av kontrakten ikkje blir fanga opp.

Det går ikkje fram av referat frå evalueringa kva tid møtet er gjennomført, kven som har deltatt, kva som skal følgjast opp, kven som er ansvarleg og fristar for eventuell tilbakemelding. I intervju vart det vidare opplyst at det er ikkje er tilstrekkeleg tid til å følgje opp evalueringa.

Observasjon 7

Det prosessorienterte kvalitets-systemet vert i liten grad brukt som grunnlag for å finne prosedyrar for korleis driftsprosjekt skal gjennomførast og tilhøyrande dokument og malar.

Grunngjeving

I tilsynssak 2012-01 retta mot Vegdirektoratet, fekk Vegtilsynet opplyst at kvalitetsystemet skal brukast som grunnlag for finne prosedyrar for gjennomføring av arbeidsoppgåver. Dette er også nedfelt i *Vegvesenboka* s. 22.

Under intervju kom det fram at prosessane i kvalitetsystemet i liten grad vert brukt i det daglege arbeidet. Det vart vist til at oppdaterte/gjeldande dokument og malar ikkje er tilgjengelege i kvalitetsystemet, men at desse vert funne på Vegveven eller vert tilsendt på epost. Dette inntrykket vert stadfesta ved at det i NA-

rundskrivet som vart sendt ut med ny versjon av SOPP heiter at siste versjon av rapporten «vil til enhver tid ligge på Byggherreveven».

Krav til byggherren knytt til oppfølging av drifts- og vedlikehaldskontraktar er kommunisert i ulike dokument (kontrakt, handbøker, rundskriv og liknande) og same tema/forhold kan vera omhandla i fleire dokument, men med ulik utforming. Det er krevjande å få oversyn over dei samla krava og kva krav som har forrang når same forhold er omtala fleire stader.

8. Tilråding

Vegtilsynet viser til tilsynsfunn under punkt 6, og kjem med bakgrunn i dette med følgjande tilråding(ar):

Tilråding 2013-02 nr. 1

Byggherrens kvalitetsplan, inklusiv kontrollplan, er viktige styrande dokument ved oppfølging av driftskontrakt og gjev grunnlaget for kontroll med entreprenør. Dokumenta skal sikre at bestilt kvalitet vert levert frå entreprenør. Tilsynet har vist at desse dokumenta ikkje vert nytta som føresett i t.d. handbok 151, jf. avvik 1 og observasjon 3.

Vegtilsynet tilrår at Statens vegvesen Region vest gjennomfører tiltak for å sikre at dei styrande dokumenta vert etablert og nytta ved oppfølging av driftskontraktar i samsvar med krav, både for gjeldande og framtidige driftskontraktar.

Tilråding 2013-02 nr. 2

Kvalitetsplanen til entreprenør skal dekke alle operasjonar i drifta og skal vise korleis entreprenøren på ein systematisk måte vil oppfylle krava til kvalitet i kontrakten. Det går fram av tilsynet at Statens vegvesen Region vest ikkje kan dokumentere at entreprenør har utarbeidd kvalitetsplan i samsvar med krav i kontrakten, jf. avvik 2. Det går òg fram at kvalitetsplan til entreprenør ikkje er gjennomgått som føresett i kontrakten, verken av Statens vegvesen som byggherre eller av uavhengig revisor, jf. avvik 3 og avvik 4. Dette inneber at Statens vegvesen Region vest ikkje kan dokumentere at entreprenøren har gode system for planlegging, gjennomføring og oppfølging av kontrakten.

Vegtilsynet tilrår at Statens vegvesen Region vest gjennomfører tiltak for å sikre seg at entreprenør sine planar for gjennomføring og oppfølging av kontrakt vert gjennomgått i samsvar med krav, både for gjeldande og framtidige driftskontraktar.

Tilråding 2013-02 nr. 3

Tilsynet har vist at Statens vegvesen Region vest ikkje mottok dokumentasjon på eigenkontroll frå entreprenør som er i samsvar med krav, jf. observasjon 4. Det betyr at Det betyr at Statens vegvesen, Region vest ikkje har all den informasjonen dei treng for å styre oppfølginga av driftskontraktane.

Vidare har tilsynet vist at Statens vegvesen Region vest sine kontrollar av resultat av arbeid og tilstand på vegen er ikkje tilstrekkeleg målretta, jf. observasjon 3. Dette inneber etter Vegtilsynet si meining at byggherren ikkje i tilstrekkeleg grad får kontrollert det han har bestilt.

Vegtilsynet tilrår at Statens vegvesen Region vest gjennomgår eigne rutinar for kontroll av arbeid og tilstand på vegen, og vurderer om det er behov for å gjennomføre tiltak for å i større grad kunne sikre seg at byggherren får det han har bestilt både for gjeldande og framtidige driftskontraktar.

Tilråding 2013-02 nr. 4

Det vert vist til observasjon 1, observasjon 5 og observasjon 6. Vegtilsynet vil presisere at det er viktig med god dokumentstyring for å kunne sikre og dokumentere at kontrakten vert drifta på ein rettmessig måte.

Vegtilsynet tilrår at Statens vegvesen Region vest gjennomfører tiltak for å betre rutinane for dokumentstyring og for å sikre at rutinane blir følgt.

9. Oppfølging av tilrådingane

Statens vegvesen Region vest skal innan frist som går fram av følgjebrev, kome med tilbakemelding på korleis tilrådingane vil verta handtert, saman med ein tidsplan for gjennomføring av eventuelle tiltak. På bakgrunn av denne tilbakemeldinga vil Vegtilsynet vurdere vidare oppfølging og lukking av tilrådingane.

Vedlegg 1: oversikt over tilsendt dokumentasjon

Kontraktar	1206	1401
1. Prosjektstyringsplan (Håndbok 151 Styring av vegprosjekter kap. 2.3.1, 2.3.5, 6.2.2)	-	-
2. Kvalitetsplan inkl. kontrollplan (Håndbok 151 Styring av vegprosjekter kap. 2.3.1, 2.3.6, 2.3.10, 6.2.3)	x	x
3. Dokumentasjon frå samhandlingsprosessen, jf. D2 Spesielle kontraktsbestemmelser pkt. 5.2 Oppstartsmøte og samhandlingsprosess		
a. Referat frå oppstartsmøte	x	x
b. Oversikt over gjennomførte byggemøte vintersesongen 2012/2013 (ikkje møtereferat)	x	x
c. Referat frå evalueringsmøte vår 2012 og 2013 (evaluere vinterdriften)	x	x
d. Referat frå evalueringsmøte haust 2011 og 2012 (forberede vintersesongen)	x	x
4. Dokumentasjon på bruk av uavhengig kvalitetsrevisor, jf. kap. D2 Spesielle kontraktsbestemmelser, pkt. 17.1 Krav til kvalitetssystem		
a. Revisorerklæring frå uavhengig kvalitetsrevisor	x	x
b. Revisjonsprogrammet til den uavhengige kvalitetsrevisoren	x	x
c. Revisjonsrapportane etter gjennomførte revisjonar	x	x
5. Dokumentasjon på bruk av interne kvalitetsrevisjonar hjå entreprenør, jf. D2 Spesielle kontraktsbestemmelser, 17.1 Krav til kvalitetssystem		
a. Programmet for interne kvalitetsrevisjonar	x	x
b. Rapportane frå interne kvalitetsrevisjonar	x	x
c. Dokumentasjon som viser korleis eventuelle avvik og observasjonar etter ein revisjon har blitt behandla og handtert i organisasjonen.	x	x
6. Entreprenørens kvalitetsplan, jf. D2 Spesielle kontraktsbestemmelser, pkt. 17.1 Krav til kvalitetssystem	-	-
7. Dokumentasjon på mottatt rapportering for vintersesongane 2011/2012 og 2012/2013 etter D2 Spesielle kontraktsbestemmelser, pkt. 17.3 Aktivitetsplaner		
a. 17.3.2 Beredskapsplan	x	x
b. 17.3.3 Vinterplan, møter og kurs	x	x
8. Dokumentasjon på mottatt rapportering for vintersesongen 2012/2013 etter D2 Spesielle kontraktsbestemmelser, pkt. 17.4 Melding, rapportering og dokumentasjon		
a. 17.4.3 Melding og rapportering om hendelser, vegarbeid, skader, feil, mangler og farlige forhold	x	x
b. 17.4.4 Rapportering av vær-, føre og trafikkforhold	x	x
c. 17.4.6 Journalføring	-	-

d.	17.4.7 Dokumentasjon av inspeksjon og kontroller	x	x
e.	17.4.8 Rapportering av tilstand	x	x
f.	17.4.12 Dokumentasjon av friksjonsnivå	-	x
9.	Dokumentasjon på mottatt rapportering for vintersesongen 2012/2013 etter D2 Spesielle kontraktsbestemmelser, pkt. 17.5 Behandling og rapportering av mangler og avvik	x	x
10.	Oversikt over gjennomførte stikkprøver for vintersesongene 2011/2012 og 2012/2013, jf. System for oppfølging av driftskontrakter – SOPP versjon 5, pkt. 2.2 Byggherrens kontrollplan og pkt. 3 Rapportering	x	x
11.	Dokumentasjon på tal dagsverk brukt til kontroll for vintersesongene 2011/2012 og 2012/2013, jf. System for oppfølging av driftskontrakter – SOPP versjon 5, pkt. 2.2 Byggherrens kontrollplan og pkt. 3 Rapportering	x	x
12.	Dokumentasjon på behandling av manglar, jf. Instruks for håndtering av mangler og evt. sanksjoner for driftskontrakter, pkt. 4.2 Behandling av mangler av en type som ikke har oppstått tidligere	x	x
13.	Dokumentasjon på behandling av manglar, jf. Instruks for håndtering av mangler og evt. sanksjoner for driftskontrakter, pkt. 4.3 Behandling av mangler som har oppstått tidligere	x	x
14.	Oversikt over ferdigbehandla saker som har medført sanksjon overfor entreprenør, loggbok, avgrensa til gjennomførte sanksjoner for vintersesongene 2011/2012 og 2012/2013 for prosessane 91, 92, 93 og 94 (vinterprosesser), jf. Instruks for håndtering av mangler og evt. sanksjoner for driftskontrakter, pkt. 5 Loggføring av mangler/sanksjoner	x	x

Vedlegg 2: deltakarar

DELTAKARAR FRÅ VEGTILSYNET		
Rolle	Namn	Fagområde
Tilsynsleiar	Bård Gjerde	Tilsyn
Fagrevisor	Stian Lyngsgård	Veg
Fagrevisor	Ida Blomhoff Pedersen	Juridisk
Fagrevisor	Gunnar Hoff	

DELTAKARAR FRÅ TILSYNSPART

Frå Statens vegvesen Region vest deltok regionvegsjef, regionskoordinator, seksjonssjef, prosjekt- og byggeleiarar.